

## **Klagerett**

De har rett til å klage over vedtaket

## **Kven du kan klage til**

De kan klage til klageorganet som for dette vedtaket er Statsforvaltaren i Rogaland.

Klagen skal likevel først sendast til Hjelmeland kommune som kan endre vedtaket sitt som følgje av klagan, eller senda klaga vidare til klageorganet for avgjerd.

## **Klagefrist**

Klagefristen er 3 – tre- veker fra den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom de klagar så seint at det kan være tvil om klagefristen er halden, ber me Dykk gi beskjed om når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir sendt for seint, er det høve til å sjå bort fra ho. Har De særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få klagefristen utsett. De bør i så fall nemne kvifor klaga kjem for seint.

## **Innhaldet i klaga**

I klaga skal De skriva kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringar som De ønskjer. De bør grunngi kvifor De klagar og ta med mulege andre opplysningar som kan telje med.

Klaga må underskrivast

## **Partane sin rett til å krevje grunngjeving**

Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.

## **Rett til å krevje rettleiing og nærmere opplysningar**

Det forvaltningsorganet som har sendt denne, skal dersom De ber om det, gi nærmere rettleiing om klagerett, korleis De går fram ved klage og opplysningar om:

Høvet til å gjera seg kjend med saksdokumenta så langt forvaltningslova gir heimel for dette.

Høvet til å få tildømt sakskostnader etter § 36 i forvaltningslova.

Høvet til å søkja gjennomføringa av vedtaket utsett, om iverksetjinga av vedtaket kan tenkjas å verta til skade for klagaren før avgjerda i klagesaka.

Høvet til å søkja fritt rettsråd, muleg også fri sakførsle.

## **Søksmål og erstatning**

Søksmål vedkomande gyldig vedtak eller krav om erstatning kan ikkje reisast før retten til å klaga er nytta og klagen er avgjort i høgaste klageinstans, jamfør forvaltningslova § 27b.